

Framtida.no

Tema: [Litteratur](#), [Nynorsk](#), [Falturiltu](#), [Fantasy](#), [Lene Kaaberbøl](#)

Fantasi og fanteri på Falturiltu

Fantasy-litteratur vert hovudfokus under den åttande nynorske barnebokfestivalen Falturiltu.

[Svein Olav B. Langåker](#)

onsdag 3. september 2014 14.05



Kristine Torkildsen, Hege

Myklebust, Jane Jünger og Roald Kaldestad i programkomiteen til Falturiltu.

Fantasy-forfattarane Lene Kaaberbøl, Lars Mæhle, Kristine Tofte, Asbjørn Rydland og Tor Arve Røssland kjem til Stord 2.-7. november.

Den danske fantasydronninga Lene Kaaberbøl blir å treffa på bok- og hestefesten *Stallturiltu* og på festførestillinga, søndag 2. november. Årets musikaloppsetjing ved Høgskulen Stord/Haugesund er basert på Kaaberbøl si gjennombrøtsbok *Skammarens dotter*, og same bok blir utgangspunkt for ei utstilling laga av sjetteklassingar i stordskulen.

– Fantasy er ein veldig populær sjanger, og me vil undersøkje bøkene som både yngre og eldre ungar likar å lesa, og få fram det som finst på nynorsk, seier Roald Kaldestad i programkomiteen. På Høgskolen Stord/Haugesund arrangerer Falturiltu eit seminar om fantasy og fantastikk.

LES OGSÅ: [Samtidas trollmenn](#)

Linda Eide, Tønes og Solér

«Eit musikalsk tekstgeni» har Ragnar Hovland kalla songaren og låtskrivaren Tønes. 2. november får kjem han til Stord.

Legendariske Erik Solér kjem til årets *Ballturiltu* (bok- og fotballfest), saman med forfattar Ragnfrid Trohaug. På nyvinninga *Talturiltu* (bok- og matte) vil Arild Stubhaug presentere sin biografi om matematikaren Niels Henrik Abel, *Skjulte kodar*.

– Eit poeng med festivalen er å dra fram bøker som er verdt å lesa, også dei som ikkje er heilt nye, seier Roald Kaldestad.

LES OGSÅ: [Tønes videodebuterer](#)

Frå beibi til eldrecenter

Prisvinnande Gyrid Axe Øvsteng vil lesa for dei minste under *bok og beibi* på Kringla konditori , og det blir skulebesøk ved Terje Torkildsen, Linn T. Sunne, Asbjørn Rydland, Lars Mæhle, Atle Hansen, Arnt Birkedal, Per Jan Ingebrigtsen og debutanten Janne Nerheim. Kristine Tofte og Trio Vest vil også samarbeida om ei førestilling basert på Tofte sitt storverk *Song for Eirabu*. Linda Eide skal lesa frå *Oppdrag Mottro* på eldrecenter.

Stord kulturskule vil både ha eigen konsert og bidra med andre innslag på festivalen. Sjetteklassane i Stord er invitert til å laga utstilling med utgangspunkt i *Skammarens dotter* av Lene Kåberbøl, og elevar frå Fitjar vidaregåande skal òg laga utstilling.

På Sunnhordland museum blir det fokus på handarbeid av mange slag, og litteratur inspirert av handarbeid. Debutanten Eli Fossdal Våge les frå diktboka *Hekla myter*, og vinnaren av handarbeidstevlinga vår blir kåra.

Falturiltu 2014 vert avslutta med ein kjempefest for dei vaksne med Linda Eide og Finn-Erix med gjester på ute- og konsertstaden Arena. Share on twitter



Lene Kaaberbøl bokdebuterte som usikker 15-åring. No har ho selt tre millionar bøker, og er aktuell på Falturiltu. Foto: Øystein Espe Bae



Visesongar Frank Tønnesen - Tønnes - kjem til Falturiltu. Foto: Andrea Nøttveit

FAKTABOKS

Falturiltu er verdas einaste nynorske barnebokfestival og vert arrangert i veke 45 kvart år.

Her er det opne førestillingar for born og vaksne, forfattarbesøk i skulen, barnelitteratureseminar, skrivekurs, konsertar, førestillingar og utstillingar.
